Ørsta idrettsråd

Organisasjonsledd i NORGES IDRETTSFORBUND

Årsmelding frå Ørsta idrettsråd, 2021

Årsmøtet i 2021 vart halde i klubblokala til Ørsta IL i Ørstahallen den 16. juni.
Styret i Ørsta idrettsråd i 2021:

Leiar	Erlend Andersen	Ørsta IL
Nestleiar	Siri Dahl Masdal	Vartdal TIL
Kasserar	Tone J. Hovdenakk	Ørsta IL
Styremedlem	Silje Aune Tvergrov	Sæbø IL
Styremedlem	(ledig)	
1. vara	Ingvild Øye	Hovdebygda IL
2. vara	Margrete H. Øyehaug	Ørsta ride- og køyreklubb

Hallstyret:

Patricio Medina	Ørsta IL
Tone Jøssang	ØIR
Silje Aune Tvergrov	ØIR
Vara: Sindre Skurtveit	Hovdebygda IL

I hallstyret er det også to politisk valde representantar, pluss dagleg leiar for Ørstahallen.

Representant til styret i Ørsta idrettspark AS:

Gunnar Knutsen	Ørsta IL

Valnemnd:

Richard Olsen (leiar)	Åmdal IL
Arnar G. Holen	Sæbø IL
Frode Viddal (vara)	Hovdebygda IL

Medlemskap

Ørsta idrettsråd har ved årsskiftet 20 medlemslag med til saman 3643 medlemmer, ned frå 3817 året før. Fire medlemslag har ikkje rapportert innan fristen, og kan bli tvangsutmeld frå idrettsforbundet.
Det er ikkje tvil om at Corona-pandemien har hatt negativ effekt, særleg for ungdom og unge vaksne.

Lokale aktivitetsmidlar

Ørsta idrettsråd fekk i 2021 kr. 1 015 155 (kr. 802 902 i 2020) til fordeling mellom medlemslaga. Det kom ekstraløyving som pandemi-tiltak. Styret gjer fordelinga etter NIF sine føringar og interne føringar frå årsmøtevedtak. Det er svært viktig at laga gjer god jobb i idrettsregistreringa. Midlane skal gå til klubbar som har aktivitetar for born og unge mellom 6 og 19 år.

Kommunale midlar:

Kommunalt tilskot til vedlikehald av idrettsanlegg:
2017: kr. 50 000
2018: kr. 45 000
2019: kr. 45 000
2020: kr. 40 000
2021: kr. 44 000

Kommunalt kulturtilskot til idretten:
2017: kr. 69 000
2018: kr. 56 000
2019: kr. 50 000
2020: kr. 70 000
2021: kr. 40 000

Ørsta idrettspark AS

Selskapet vart starta med oppgåve å prosjektere fleirbrukshall på Mosflata. Eigar er Ørsta idrettsråd (51 %) og Ørsta kommune (49 %).
Selskapet har vore aktivt med på prosjektering av Ørstahallen, og seinare hatt som hovud-oppgåve å investere i utstyr til denne. Midlane til selskapet kjem frå næringslivet og kommunen.
Generalforsamlinga 2021 vedtok oppløysing av selskapet frå 1.1.2022. Det er litt restmidlar (ca. 250 000) som ikkje blir disponert før alt er i orden med Skatteetaten. Det som er igjen blir så disponert av idrettsrådet.

Litt om idrettsanlegg (og breidda i idretten i Ørsta):

Nye Ørstahallen

Den 27. januar 2019 var det opningsfest i den kommunale Ørstahallen. Fleirbrukshallen er på nær 8500 m^2. Den har tre speleflater for hallidrettar, klatrehall med vel 15 meter høgde, friidrettsanlegg, styrkerom, treningsrom, 10 garderobar m.m. Ørsta IL leigar klubblokale i andre høgda.
Etter oppløysing av Ørsta idrettspark, tek kommunen over ansvaret for treningsrommet og stolar/møblar. Storskjermane i hallen skal idretten sjølv ha ansvaret for vidare.
Rett utanfor hallen vart det i 2020/21 etablert skatepark og treningspark.

Fotball

Fotball er den klart største idretten i kommunen. Alle fotballanlegg er eigd av klubbane.
På Vartdal vart den nye kunstgrasbana opna i 2019. Neste byggetrinn er klubbhus/service-bygg ved bana, som er godt i gang.
Hovdebygda IL fekk ny kunstgrasbane i 2020, på den tidlegare grasbana.
Ørsta IL har planar om ny kunstgrasbane på Mosflata, nær eksisterande anlegg. Først skal det

opp tribune til Aurstad arena (kunstgrasbana), og nytt klubbhus (fotball) i same område. Oppstart truleg 2022.

Hestesporten

Hestesporten i Ørsta signerte i 2019 leigeavtale med kommunen om areal på Mosflata. Dei skal disponere 20 mål til ridebane, ridehall, stall/service-bygg. Første byggetrinn er hall, og denne vart tatt i bruk september 2021. Hallen blir heilt ferdig til sommaren 2022. Seinare skal dei lage ridebane og klubblokale.
Det er tre klubbar innan hestesporten som samarbeider om det nye anlegget, og det er oppretta eit selskap (Ørsta hest AS) i samband med utbygginga.

Ny symjehall i sentrum

Hausten 2019 vart det starta ei arbeidsgruppe for ny symjehall. Denne skal ligge inntil Ørstahallen. Idrettsrådet meiner eit utvida treningsanlegg (med tribune) er den beste løysinga for framtida. Prosjektet har no pause fram til kommunestyret gjer vedtak i saka. Det er kun spørsmål om økonomi. Med mange store tiltak i kommunen kan det ta nokre år før det nye symjeanlegget er på plass. Symjehallen i gamle Ørstahallen må dermed leve vidare litt lengre, sjølv om den er i svært dårleg stand (fleire naudtiltak utførd i 2021).

Sykling

Ørsta sykkelklubb opna «pump-track» ved Ørstahallen hausten 2019. Den vart ferdig asfaltert i mai 2020. Frå første dag har det vore stor aktivitet på bana, til langt på kveld. Dette er først og fremst eit anlegg for dei unge, men også vaksne får prøve seg (om dei tør!).
Det er ønskje om utvikling av sykkelanlegg i samband med skisenteret.

Skyting

Ørsta Volda pistolklubb har skytebaner i Sollidalen og i Ørsta kulturhus. I samband med riving av kulturhuset (2023?) må skyttarmiljøet finne seg nye lokale. Kommunen som tiltakshavar bør hjelpe til med dette. Nytt bygg på Mosflata?

Luftsport

Volda Ørsta flyklubb har base på flyplassen (Hovden). Dei eig to fly, og får eitt til våren 2022. Dei bygde hangar i 2017, og har eige klubbhus. Modellflyavdeling med eiga flystripe (Krøvelseidet) har dei også. Klubben er med i Norsk Luftsportforbund.

Ski

Ørsta skisenter har planar om fornying/utviding av snøproduksjonsanlegget, for meir stabil drift gjennom vinteren. Eit automatisert anlegg kan vere på plass til sesongen 2022/23.
Stolheisen har ikkje vore i drift på lenge, grunna mangel på sertifisert personell. Her er eit stort potensiale for drift heile året, rett opp til flott turterreng.

Skiløypene ut til Åmskaret og ved Daleteigane/Mosmarka er viktige folkehelsetiltak. Løypene ved Mosmarka får ny og kraftigare trakkemaskin (ØIL) i 2022.

Ørsta idrettsråd

Organisasjonsledd i NORGES IDRETTSFORBUND

Corona-pandemien

Idretten var hardt råka av Corona-pandemien også i 2021. Det var ulike smitteverntiltak gjennom heile året. Dei yngste vart skjerma for tiltak i størst mogleg grad. Ungdom og vaksne kunne berre i periodar drive tilnærma normal trening, noko som førte til ein del utmeldingar. Dei fleste større arrangement vart avlyst, seriespel vart avkorta. Ingen idrett har hatt normal aktivitet under pandemien.
Regjeringa hadde ulike økonomiske krisepakker gjennom året, men mindre enn året før. Det var fokus på støtte til dei som klarte å arrangere noko heilt eller delvis.

Også for idrettsrådet har pandemien gitt lågare aktivitet. Vi har ikkje arrangert kurs, og heller ikkje reist til kurs/konferansar. Alt har vore digitalt. Styret har god kommunikasjon gjennom e-post, det vart også nokre fysiske styremøte.

Status for idretten i Ørsta

I kommunen er det mange idrettslag og god variasjon i tilbod. Etter to år med pandemi er idretten på veg tilbake til normal drift i 2022.

For å skape aktivitet må vi ha anlegg. Dei siste åra er det realisert fleire kostbare anlegg i kommunen. Og det er framleis høge ambisjonar. Handlingsprogrammet i «Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet» blir rullert i 2022, heile planen er til rullering i 2023.

Mange unge er med i idretten. Fråfallet er diverre stort frå midten av tenåra. Dei fleste lag driv først og fremst med breiddeidrett, men det er også viktig med tilbod til dei som vil utvikle seg vidare.

Ønskjemål

Ørsta idrettsråd er til for medlemslaga og skal vere bindeledd mellom medlemslaga, Ørsta kommune og Møre og Romsdal idrettskrets. Medlemslaga vert oppmoda til å ta kontakt med idrettsrådet for hjelp og støtte.
Ørsta idrettsråd ønskjer framleis betre rammer for idretten i kommunen.

Ørsta, 4. mai 2022

Erlend Andersen **Siri Dahl Masdal** **Ingvild Øye**

Tone Jøssang **Silje Aune Tvergrov**